



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1980

Namnet på vatnet

Jabna Kransvatnet

Kommune

Tvedestrand

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

V A T N A K V A M S V A T N E T

Fiakeanalysen vart foreteken den 29. august 1980.

Vatnet ligg i Vindafjord kommune, nærare stadfest i Stokkadalen aust for Åmsosen i Vats, og grensar i nord for ein del etter vegen mellom Stokka og Torstveit.

Arealet er omlag 35 ha. og h.o.h. 127 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er grunnast i den sør-austre delen.

Stranda består for det meste av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Botntilhøva er gjørme over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna nøkkeroser, flotgras, brasmegras, botngras, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark, kor det veks blandingsskog av furu og bjerk, men og noko myr og snaufjell. På nordsida ligg gardsbruket Vatnakvam med kultivert mark.

Hovudtilsaget fell inn i nord-aust og der fleire vatn inngår med Stokkedalsvatnet som det største.

Avlaupet renn ut i sør-vest og går til Vatsfjorden.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.4 ute på vatnet og 5.0 i bekken som fell inn ved Vatnakvam i nord.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 1.50 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 4.0 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm = 33.5.

Gjennomstrøyminga er relativt stor.

Botnprøver.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup. Resultatet på 2.0 m var 2 vårflugelarver, 1 mudderflugelarve og 1 fjærmygglarve

i alt 40 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 4 fjørmygglarver og 2 vårflugelarver eller samla 60 individ pr. m². Det er såleis lite med botndyr i vatnet

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein relativt rik prøve av både dyre- og planteplankton.


Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 5 fiskar, (3 røyr og 2 aurar). I røyra fann ein store mengder plankton (Copepoder-hoppekreps og Holopedium gibberum-gelekreps). I aurane vart det funne vasskalvlarver, øyestikkerlarver og div. luftinsekter.


Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr og ål. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 58 aurar og 20 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på garnomfara vil ei grafisk framsyning sjå ut som synt nedanfor.



Vi har nedanfor sett opp ei grafisk framsyning av auren og røyra i Vatnekvamsvatnet fordelt på cm-klassar.



Det vart teke prøver av 25 aurar som alle var røde i kjøttfargen.

Vidare var det 13 hanfiskar og 12 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

13 fiskar var gytefisk - 12 gjeldfisk.


Medelvekta av prøvefiskane var 202 gram. Den største auren vi fekk var 350 gram og 31 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga på neste side:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.4	8.8	14.4	19.7	24.6	29.3	32.0
Årleg lengdetilv. i cm	4.4	4.4	5.6	5.3	4.9	4.7	2.7
Antall fiskar	25	25	25	23	19	8	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.06 tilseier feit, fin fisk.

Set vi opp ein vekstkurve for auren i Vatnakvamsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år) vil denne sjå slik ut.



Som vi vil sjå av vekstkurven, så har auren i Vatnakvamsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 6 års alder. Den nedgangen i vekst ein får ved 7. året skullast berre i fisk, så det kan ein sjå bort frå.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i Vatnakvamsvatnet. Vidare at vatnet inneheldt eit relativt stort bestand av matnyttig fisk og at fiskebestandet ser ut til å vera bra avpassa næringsforrådet. Dei kjemiske tilheva er relativt gode, men tilsigsbekkene fører eit noko surt vatn, men p.g.a. den bufferemna vatnet har, jamnar dette seg noko ut. Likevel er det alltid ein viss fåre med sure tilsigsbekker, då det er her rekrutteringa føregår for auren. Botnprøvene synte lite med næringsdyr men planktonprøven var relativt Omfarfordelinga, og cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar. K-faktoren og vekstkurven tilseier fin fisk. Når både auren og røyra i Vatnakvamsvatnet i dag er av fin kvalitet skuldast dette for ein del gardsbruket Vatnakvam og gjødsels-tilsaget herfrå. Bortsett frå dette gardsbruket, er nedslagsfeltet noko skrint, og ville vanskeleg kunna nøytralisera den sure nedbereren som ein i dag får. Hovudtilsaget frå Stokkadalsvatnet fører også eit noko surt vatn (pH 5.2) og dette er beste gytebekken for auren i Vatnakvamsvatnet. Ein reknar gjerne pH 4.9 som nedre grense når det gjeld formering. Vi berre nemner dette, sjølv om det ikkje ennå er noko fåre i så måte. Når det gjeld røyra, så gyt denne ute i vatnet, og vil såleis normalt kunne greie seg betre enn auren.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigaren til Vatnakvamsvatnet går i gang med sal av fiskekort for sportsfiske (stangfiske) medan han sjølv har eineretten til garnfiske. Vatnet ligg lageleg til, like ved vegen, og innkomene av fiskekortsalet kan for ein del nyttast til kultiveringastiltak. Mange er sikkert dei som ville prøve fiskelukka si nettopp i dette vatnet. Det må setjast opp skilt med opplysningar om kvar ein kan få kjøpe fiskekort.

Vidare må ein gå over gytebekken kvar sumar og sjå etter småfisk og yngel. Det er viktig å halde eit auga med dette, for å vera sikker på at rekrutteringa er tilfredsstillande.

Ein gong kvar månad bør det takast ein vassprøve i hovudtilsiget for å fylgja med pH svingningane gjennôm året. Det suraste vatnet har ein gjerne under snøsmeltinga om våren.

Reknar ein med ei avkastning på ca. 8.0 kg pr. ha. skulle ein årleg kunna ta ut snaut 300 kg fisk utan å skatte vatnet for hardt.

Reint økonomisk kan ein såleis gjera mykje ut av dette vatnet.

Vatnakvamsvatnet er eit lettdrive fiskevatn, og byd i dag på ypperlig matfisk både av aure og røyr, så alt må gjerast for å halde eit fiskebestand også i framtida.

Etter ca. 5 år bør det takast ein ny analyse.

Stavanger 30. mars 1981

Einar Berg